

Invitasjonen

Ari og Joni hadde spelt i to døgn. Det svei i auga og verka i armane.

I førstninga var det ikkje noko spesielt med spelet.

Men på nivå ti var det noko som blei annleis. Det var som om gutane blei sogne inn i spelet. Det blei som ei oppdagingsreise.

Nivå 99. Ari og Joni hadde hamna i ei blindgate. TV-skjermen var så godt som svart. Ein eller annan stad i mørket låg opninga til ei grotte. Der inne skjulte det seg noko skremmande som det var uråd å få tak på. Dei hadde prøvd alle dei mest effektive våpena, frå plasmagevær til laserkanon.

Eitt forsøk att. Eitt einaste forsøk. Så kom spelet til å lukke seg. Ari bladde frustrert gjennom dei ulike våpena.

– Ta dolken.

Stemma var svak, men sikker. Ari kasta eit blikk over skuldra. Auga til Joni glødde.

– Dolken. Du må tru på meg. Og lat att auga. Du må ikkje tenkje. Eg skal seie deg når, kviskra Joni.

Ari kjende handa til Joni på skuldra og bytte våpen til dolken. Så lukka han auga. Mørke, her kjem vi!

– No! hylte stemma til Joni inni hovudet på Ari.

Utan at han rakk å tenkje, fann fingrane til Ari den rette knappen. Han stakk til med dolken i mørket. Det kjendest som han sokk inn i eit eller anna.

Ari opna auga. Han og veslebroren stira på TV-skjermen. Han var svart som verdsrommet.

– Det var altså det. Spelet har låst seg.

I same augneblinken var det noko som glimta fram på skjermen. Strekar. Kvite og lysande. Det opna seg ei vakker utsikt. Først såg dei ei eng, og deretter gutane.

Ari og Joni hadde ingen problem med å kjenne dei att. Dei kjende att seg sjølv. Så blei skjermen mørk.

Forenkla med løyve frå Timo Parvela

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B s. 137.
Gjer oppgåvene 2, 5,
6 og 8.